

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.01.2020

Til stades: Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Ole G. Vassel, Thorleif Gjernes, Kenneth Vikane og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Gunnar Dalseth og Sigmund Eiken

Referent: Kaia

Sak 2020/1: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2020/2: Godkjenning av referat frå styremøte 10.12.19; godkjent

Sak 2020/3: Tilstellingar:

- Evaluering bygdelagsbasar 29.12.19: Veldig godt oppmøte og loddsal. Det vart litt for lite årer, det bør lagast 1000 tal til. Det er betre å ha fleire årer enn å auke prisen pr. åre. Me tek ein dialog med musikklaget om saka. Bra med gevinstar – tusen takk til alle private og verksemder som har bidrege! God flyt i arrangementet, passeleg med pausar og 4 omgangar. Brutto resultat 50.305,-. Tusen takk!
- Koordineringsmøte 21.01.20 – Planlegging/organisering av møtet. Me oppmodar alle lag, verksemder og interesserte å stille på møtet.
- Årsmøte 2019 for Herand bygdelag vert søndag 22.03.20 Valnemnda er i gang med sitt arbeid. Me vil kome tilbake i februar til ei justering av reglane for val av leiar, slik at styret blir vald fyrst og deretter styreleiar.

Sak 2020/4: Egedomar:

- Snøbrøyting av plassen ved kulturhuset (20 parkeringsplassar). Bygdelaget må avtale brøyting av plassen ved kulturhuset med privat brøytar då alle kontraktar i kommunen er oppsagd. Bygdelaget tar ekstrakostnaden med brøyting ut over 20 plassar ved større arrangement.
- Bestilling av kjøkenutstyr, det jobbast med å lage ein oversikt og handle inn. Purre på moppevaskemaskin/bord som vart bestilt medio desember.
- Utvikling av område rundt kulturhuset. Takast opp på koordineringsmøte.

Sak 2020/5: Økonomi/søknader/fristar etc.:

- Status søknad OBOS. Saka ligg til handsaming, me har ikkje høyrte noko.
- Rekneskap 2019. Klart og levert revisor. Vert lagd fram på årsmøtet 22.03.20.

Sak 2020/6: Ymist:

- Møteplan vår 2020. Styret held fram med styremøte 2. tysdag i månaden.

- Bygdeblad; nytt bladår – status om bladet v. Kaia

Sak 2020/7: Eventuelt/andre saker:

Ullensvang kommune: kasserer Angunn har snakket litt med den nye kultursjefen, mellom anna om driftsstøtte til lagshus. Det er viktig at me er merksame ovanfor kommunen for å sikre gode ordningar som famnar heile kommunen.

Neste styremøte tysdag 11.02.20 kl. 19.00 på Herand kulturhus